



## Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

SKONNERT IDEAL AV KRISTIANSUND  
v/KARI MOE SUNDLI  
Postboks 16 Kongens Plass  
6501 KRISTIANSUND N

Vår dato:

05.07.2021

Vår ref:

2014/3663

Dykkar dato:

02.05.2021

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bjarne Otnes, 71 25 85 75

## Dispensasjon for fortøyning av lekter i samband med renovering av Rødbrygga - Fugløya naturreservat - Kristiansund kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal viser til søknad av 02.05.2021. Vi viser også til synfaring og drøftingar 30.04.2021.

### Søknaden

Det er søkt om å dispensasjon for å fortøye ein stållekter framfor Rødbrygga i samband med at brygga blir renovert. Lekteren er allereie plassert på staden. Formålet med lekteren er ilandføring av materialar og plassering av lift, container og stillas.

Storleiken på lekteren er ikkje opplyst om i søknaden. På ortofoto måler vi lekteren til å vere om lag 10x20 meter. Søknaden seier ikkje kor lenge lekteren er planlagt brukt. I samtalane 30.04.2021 forsto vi at det var ønskjeleg å ha lekteren liggande utover hausten til de fekk skifta kledningen på sjøsida av brygga. Lekteren er lånt av hamnevesenet.

### Lovgrunnlag

Søknaden er vurdert opp mot gjeldande verneforskrift for Fugløya naturreservat, fastsett ved kongeleg resolusjon 28.05.2010, sist endra 28.04.2016 (FOR-2016-04-28-448).

Etter § 3, andre ledd nr. 3 er det forbod mot m.a. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder og andre varige eller mellombelse innretningar. Vedlikehald av anlegg og innretningar som er i bruk på vernetidspunktet er i følgje § 4 nr. 5 unntatt frå forboda i § 3. Lekteren har likevel eit omfang som ligg utanfor dei anleggsmidla det normalt ville vere nødvendig å bruke til vedlikehald, og Statsforvaltaren finn difor at det er nødvendig med særskilt dispensasjon.

Statsforvaltaren kan med heimel i § 48 i naturmangfaldlova gi dispensasjon frå vernereglane for tiltak som ikkje strir mot verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.



Søknaden må også vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12, jf. § 7. Prinsippa omfattar vurdering av kunnskapsgrunnlag (§ 8), føre-var-omsyn (§ 9), samla belastning (§ 10), kostnader for å hindre skade på naturmangfald (§ 11) og miljøforsvarleg teknikk/driftsmetode (§ 12).

### **Statsforvaltaren si vurdering**

Formålet med Fugløya naturreservat er å ta vare på eit område som har særskilt verdi for biologisk mangfald. Øya med omliggande skjer og sjøområde med naturleg tilhøyrande plante- og dyreliv, utgjer ein svært viktig hekkelokalitet for sjøfugl, særleg ærfugl, fiskemåke og raudnebbterne.

Hekkekoloniar av sjøfugl er sårbare for ferdsel av menneske, og Statsforvaltaren ser det som viktig å unngå tiltak som legg til rette for lettare allmenn tilkomst til Fugløya. Auka allmenn ferdsel aukar risikoen for utilsikta og medviten ferdsel i strid med ferdelsforbodet som gjeld på delar av øya i perioden frå og med 1. mai til og med 31. juli.

Skonnert IDEAL har rydda vegetasjon og etablert beiting på Fugløya, fjerna søppel og sett ut minkfeller. Rødbrygga er eit kulturminne, og kulturminnefondet har gitt støtte til renoveringa. Totalt sett meiner vi at Skonnert IDEAL sin aktivitet så langt har vore positivt for verneverdiane på Fugløya. Vi vil likevel peike på at nødvendige løyve må innhentast der det er påkravd. Etter synfaring og møte 30.04.2021 håpar vi rammene er avklart og at grunnlaget for eit godt samarbeid er lagt.

Når det gjeld vidare fortøyning av lekteren hausten 2021 ser Statsforvaltaren at lekteren legg grunnlaget for ei meir effektiv og sikker renovering av brygga. Av attståande arbeid gjeld dette særleg sjøsida av brygga, som utan lekter vil vere vanskelegare tilgjengeleg. Vi er difor innstilt på å gi mellombels dispensasjon til 31.12.2021, og finn at det ikkje gir vesentleg negativ innverknad på verneverdiane på Fugløya og ikkje strir i mot verneformålet. Lekteren ligg utanfor området med ferdelsforbod, og når brygga er låst av er det ikkje tilkomst gjennom brygga vidare til øya.

Hekkebestandane av sjøfugl har vore i tilbakegang over mange år. Dei viktigaste negative påverknadsfaktorane generelt er ressurstilgang i havet og predasjon. Fugløya ligg nær sterkt industrialisert areal på Husøya, og er sårbar for ytterlegare negativ påverknad og auka samla belastning (nml § 10). Lekteren gir ikkje eit vesentleg bidrag i så måte.

Visuelt er lekteren eit vesentleg framandelement, men når den er fjerna og renoveringa av brygga er sluttført bidrar prosjektet positivt til kultur-, landskaps- og oppleavingsverdiane ved Fugløya.

Vi reknar kunnskapsgrunnlaget for å vere tilstrekkeleg til å fatte vedtak, jf. nml § 8. Føre-var-prinsippet (nml § 9) får lite vekt. Det er sett vilkår for vedtaket (nml §§ 11 og 12).

### **Vedtak**

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir Skonnert IDEAL av Kristiansund dispensasjon frå verneforskrifta for Fugløya naturreservat for midlertidig fortøyning av lekter ut året. Heimel for vedtaket er § 48 i naturmangfaldlova.

### **Vilkår**

- Dispensasjonen gjeld til og med 31.12.2021. Etter det tidspunktet skal lekteren og alle fortøyingsinstallasjonar vere fjerna.
- Det skal vere stengt for allmenn gjennomgang frå lekteren gjennom brygga til øya ut juli månad 2021.



### **Anna lovverk**

Vi gjer merksam på at vedtaket berre omfattar dispensasjon frå verneforskrifta i medhald av naturmangfaldlova. Nødvendige løyve etter anna lovverk må avklarast med rette myndigheter.

### **Klage på vedtaket**

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan tre veker frå det er mottatt. Klagen må vere grunngitt, og skal sendast til Statsforvaltaren. Miljødirektoratet avgjer klagen dersom Statsforvaltaren opprettheld vedtaket. Reglane om klage på vedtak går fram av kapittel VI i forvaltningslova.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)  
miljøverndirektør

Bjarne Otnes  
fagleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Kristiansund kommune  
Møre og Romsdal fylkeskommune